



Landslaget for Spelemenn

Protokoll frå styremøte 16. september 09.

Stad: Trondheimsv. 2, Oslo
Tid: 10.00 – 16.00

Til stades: Nils Øyvind Bergset, Solbjørg Tveiten, Torunn Raftevold Rue
Frå adm: Magnar Sundt

Fråfall: Knut Erik Godtland, Mari Eggen, Jon Ellingsen

Sakliste:

Sak 49 Referatsaker

Sak 50 Halvårsregnskap

Sak 51 Revidert budsjett 09

Sak 52 Evaluering av NM i folkemusikk. Spørreundersøking

Sak 53 Oppmoding om å revidere dommarskjema for vokal folkemusikk

Sak 54 Felles styremøte med NFD. Litt førebuing

Sak 55 Årsmøtet. Seminarinnhald

Sak 56 Nordisk kappleik, Norsk deltaking

Sak 57 Frifond 2009

Sak 58 Dei norske instrumentbyggetradisjonane. Høyring på rapport frå Rff.

Sak 59 Representantskapsmøtet til Rådet for folkemusikk og folkedans

Sak 60 Godkjenning av nytt lag; Otta og Sel spel- og dansarlag

Styresak 49/ 09 Referatsaker

1	Rff	Pressemelding om at Rff-prisen 2009 er tildelt Ingar Ranheim
2	Etnisk musikklubb	Protokoll frå generalforsamling, årsmelding og rekneskap. Anne S. Haugan er vald som ny styreleiar. (LfS er aksjeeigar i foretaket).
3	Midtvinterdansen	Takk for støtte m/rapport
4	Utanriksdepartementet	Dei støttar Folkelarm med kr 200 000 i 2009.
5	Norsk Musikkråd	Prosjektet "Grenser for Lyd". Kampanje mot hørselsskadar i musikkbransjen. LfS har saman med rock og jazz deltatt i dette prosjektet som har vore leia av Norsk Musikkråd. Alle partar har bidratt med ein økonomisk del. Eg har gitt melding om at LfS bidrar med kr 10 000 også i år. Det same har dei andre partane gjort.
6	Adminstrasjonen	Søknader om tilskott frå LfS. Orientering.
7	Norsk Lur- og bukkehornlag	Årsmelding 2008-09. Solbjørg og Magnar deltok på årsmøtet deira på Geilo og kan munnleg referere derifrå.
8	Norsk kulturarv	Info om "Kulturminneløypa". Eit prosjekt som vart gjennomført i sommar.
9	TONO	Framlegg frå TONO til ny avtale. Avtalen er underteikna.
10	Adminstrasjonen	Orientering om flytteprosessen
11	Nils Øyvind	Orientering om at alle i styret har fått tilsendt på epost endelige dokument for mål/visjon og retningslinjer for jury vedr Folkelarm
12	Nils Øyvind	Orientering om deltaking på seminar om Kulturløftet II arrangert av KKD 09.06. Nils Øyvind og Magnar deltok. I ettertid sendte vi inn eit innspel til dep i lag med "dei andre" aktørane på feltet.
13	Nils Øyvind	Orientering om infomøtet under NM i folkemusikk på Geilo.
14	NMR	Norsk Musikkråd melder at generalsekretær Holger Gulbrandsen NMR har sagt opp jobben.
15	NMR	Informasjon om arbeidet med politiattestar og utarbeidde dokument, skjema og retningslinjer som organisasjonane kan nytte.
16	Adminstrasjonen	Melder at lag frå Hordaland etterlyser kontakt med fylkeslaget og spør om vi veit noko om styret, kontaktperson og i kor stor grad laget er i aktivitet. Merknad: Solbjørg følgjer opp saken.
17	Nils Øyvind	Orientering om diverse presseoppslag etter NM på Geilo
18	Nils Øyvind	Refererte at han deltok på styremøtet til NFD 02.09.
19	Magnar	Refererte at han deltok i møte i hovudkomiteen for Landsfestivalen i Nordfjord 12.08.

Styresak 50/ 09 Rekneskapsrapport pr. 1. halvår.

Dagleg leiar la fram rekneskapsrapport pr. 1. halvår.
Styret gjekk gjennom rekneskapen under møtet.

Vedtak:

Styret tok rekneskapsrapporten pr. 1. halvår til etterretning.

Styresak 51/ 09 Revidering av budsjett

Dagleg leiar la fram forslag til eit revidert budsjett for 2010 med utgangspunkt i rekneskapen for 1. halvår og kjende økonomiske endringar ein må ta omsyn til.

Desse postane blei justert:

- Lønnskostnader i tråd med lønnsendringar pr 01.05
- Auka husleige i Kirkegt. 20
- Ny, dyrare TONO-avtale
- Reduksjon i reise- og møtekostnader for styret og administrasjonen.

Revideringa gir samla sett eit betre årsresultat enn før revideringa.

Vedtak:

Styret vedtar forslaga til budsjettendringar.

Styresak 52/ 09 Evaluering av NM i folkemusikk og oppfølging av tevlingsreglementet

Dette var den første evalueringa av NM med spesiell vekt på føresegnehene for Landskappleken og Landsfestivalen vidare framover.

Styret skal i lag med arrangør evaluere NM meir grundig seinare, og vidare drøfte spørsmålet om ei varig samanslåing av LK og LF eller ikkje.

Spørjeundersøkinga frå NM i folkemusikk på Geilo er avslutta.

Det kom inn 269 svar frå deltakrarar, publikum, domrarar, frivillige og presse og ganske nøyaktige likte fordelt mellom kvinner og menn.

Gjennomsnittsalderen på dei som har svara ligg på 46 år.

Spørjeundersøkinga gav eit godt bidrag til spørsmåla omkring ei revidering av føresegnehene.

Styret drøfta spørsmål knytt til

- Klasseinndelingar

- Rangering/poengsummar/munnlege kommentarar for juniorklassane.
 - Talet på finalar
 - Repertoar
 - Krav til medlemskap for å få delta
 - Presisering av ansvar

Vedtak:

Dagleg leiar lager eit utkast til reviderte føresegner til neste styremøte den 12. okt basert på dei innspela som kom inn og som styret blei samde om.

Reviderte føresegner blir vedtatt da.

Styresak 53/09 Oppmøding om revisjon av domarskjema

Øyonn Groven Myhren og Ingvill Marit Buen Garnås har sendt innspel til styret med oppmøding om å revidere domarskjemaet for vokal folkemusikk.

Vedtak:

LfS inviterer Norsk kvedarforum til i fellesskap å arrangere eit seminar omkring vokal folkemusikk og kappleiken som arena.

Ei evt revidering av dommarskjemaet skal vere eitt av dei elementa ein vil drøfte på seminaret. Solbjørg og Magnar har ansvaret for å sette i gong prosessen.

Sak 54/09 Felles styremøte med NFD. Litt førebuing

Styret gjekk gjennom sakene som seinare på dagen skulle drøftas i felles styremøte med NFD.

Styresak 55/ 09 Årsmøtet og seminar

Ein må bestemme innhaldet i det ordinære årsmøteseminaret.

Dei siste åra har vi brukt ein føremiddag - frå frukost til lunsj - til eit miniseminar.

Årsmøtet er lagt til Hotell Ambassadør i Drammen, 20.- 22 nov.

Vedtak:

Tema for seminar under årsmøtet blir Lanskappleiken og Landsfestivalen frå 2012, eitt fellesarrangement, eller to enkeltståande arrangement.

Grunnlaget for seminaret er erfaringane med desse to arrangementa kvar for seg, samt erfaringa med NM i folkemusikk på Geilo i sommar.

Styresak 56/ 09 Nordisk kappleik - norsk deltaking

Styret har tidlegare sagt ja til å vere ein samarbeidspartner for den nordiske kappleik i Sälen, 13.- 15. november.

Kappleiken heiter "Nord09 – nordiska mästerskapen i folkmusik" og blir arrangert for 2. gong.

Det skal tevlast i 3 ulike klassar:

- Solistar(vokal/instrumental)
- Grupper m/ maks seks medlemmar
- Spelmannslag med minst 15 deltakarar

Vedtak:

- Solistar: Vinnaren av vokal og vinnaren av spel fele på NM i folkemusikk.
- Grupper: Vinnaren av open klasse + vinnaren av gruppespel under NM i folkemusikk
- Lagspel: Nr 1 og 2 i lag spel på NM i folkemusikk.

Reservar; vidare nedover lista i dei respektive klassane.

Styresak 57 / 09 Frifond 2009

LfS har fått tildelt årets sum av Frifond til fordeling blant våre lokallag, til saman kr. 474.567.

Midlane blir lyst ut med søknadsfrist.

Dei siste åra har fordelinga av midlane vore delegert administrativt til dagleg leiar.

Vedtak:

Fordeling av frifond-midlane blir delegert til dagleg leiar.

Ein føreset at fordelinga skjer i tråd med dei retningslinene som Staten har sett for tildeling av Frifond og dei tildelingskriteria som Norsk Musikkråd har utarbeidd for medlemsorganisasjonane.

- Tilskudd kan gis til lag som generell grunnstøtte til oppstart, drift og aktivitet.
- Tilskudd kan gis til lag øremerket for prosjekter eller bestemte aktiviteter.
- Tilskudd kan tildeles lagene etter interne søknadsprosedyrer i organisasjonen.
- Tilskudd kan tildeles lagene etter fordelingsnøkler basert på antall medlemmer i laget.
- Krets-, fylkes- eller regionleddet kan ikke motta tilskudd fra Frifond. Unntak fra dette er organisasjoner der fylkeslaget fungerer som lokallag.

Styresak 58/ 09 Dei norske instrumentbyggartradisjonane Høyring

Rådet for folkemusikk og folkedans har fått utarbeidd ein situasjonsrapport om dei norske instrumentbyggartradisjonane.

Rapporten er lagt fram av Bjørn Aksdal, Elisabeth Kværne og Kjell Bitustøyl.

Rådet har vedtatt å sende rapporten ut på høyring.

Vedtak:

LfS og NFD sender slikt felles høyringssvar:

Norsk Folkemusikk og –danselag (NFD) og Landslaget for Spelemenn (LfS) sender hermed inn ein felles uttale på høyringa om "*De norske instrumentbyggertradisjonene*".

Utvalet som har lagt fram denne utgreininga, har gjort eit svært grundig arbeid gjennom ein fyldig og godt beskrivande situasjonsrapport. Utvalet legg vidare fram gode forslag til tiltak.

Som utøvarorganisasjonar på eit til saman breitt plan, som inkluderer alle frå den tidlegaste rekrutt til dei profesjonelle utøvarane våre, har LfS og NFD stor interesse av at det i landet finst instrumentbyggjarar med høg kompetanse og gode handverksferdigeitar på dette området. Miljøet vårt treng instrument tilpassa ulike behov og brukargrupper innan kvar instrumenttype. Dette gjeld både bygging av instrument og gjennom vedlikehald, reparasjon og rigging.

Utvalet meiner at det først og fremst no er viktig å få på plass ei felemakarutdanning, breitt anlagt som inkluderer også andre tilsvarande akustiske strengeinstrument, og at felemakarfaget må inn på lista over små og verneverdig fag. Utvalet foreslår at ei slik utdanning bør bli lagt til Ole Bull Akademiet på Voss.

Både tiltaka i seg sjølv, samt plassering, er fornuftig.

NFD og LfS vil i lag med dei andre aktørane på området, gjennom aktiv lobbyverksemd og som støttespelarar, bidra til at forslag som utvalet legg fram, kan bli realiserte.

Når det gjeld dei andre instrumenta, innafor nemninga eldre folkemusikkinstrument, er vi einige i at det ikkje er grunnlag for å opprette eiga yrkesutdanning. Vi støttar utvalet sitt forslag om fordjuping og ulike prosjektstøtteordningar.

NFD og LfS har no opna den nye nettpartenen folkemusikk.no. Førebelser er ikkje alt vi ønskjer at de skal inkludere, på plass.

Vi vil derimot utvikle portalen slik at den ivaretar også dei behova og utfordringane som instrumentbyggjararbeidet har.

Eit ansvar for instrumentbygginga er også inkludert i framlegget til vedtekter for den nye folkemusikkorganisasjonen.

Styresak 59/ 09 Representantskapsmøtet i Rådet for folkemusikk og folkedans

Årets representantskapsmøte i Rff er lagt til 14.- 16. oktober, Trondheim.

Sjølve representantskapsmøtet blir torsdag 15. oktober med eit påfølgjande seminar fredag den 16. Innhaldet i seminaret blir kulturminneåret med fokus på implementeringa av konvensjonen om vern av folklore. Programmet er førebels ikkje ferdig.

LfS har ei stor kvote.

Fylkeslaget har fått tilbod om å delta på LfS si kvote. (dei dekker evt sine eigne utgifter sjølve)

Eitt fylkeslag, Buskerud, har meldt tilbake at dei vil delta på LfS sin kvote.

Vedtak:

Frå LfS stiller Nils Øyvind Bergset, Solbjørg Tveiten, Mari Eggen og Tora Rue Dokken.

Styresak 60/ 09 Godkjenning av nytt lag; Sel og Otta Spel- og dansarlag

Otta spelmannslag og Sel spel- og dansarlag har slått seg saman til eitt lag. Dei har utarbeidd nye vedtekter for laget. Formelt sett skal LfS godkjenne desse vedtektena.

Det er ingenting i vedtektena som strir imot LfS sitt formål og generelle krav knytt til medlemskapen.

Vedtak:

Styret i Landslaget for Spelemenn godkjenner vedtektena til Sel og Otta spel- og dansarlag.

Nils Øyvind Bergset
sign.

Solbjørg Tveiten
sign.

Torunn Raftevold Rue
sign.

Magnar Sundt
referent